

Høyringsuttale TICCIH Norge - Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

Til: Riksantikvaren

Ang: Høyring – Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

TICCIH Norge vil takka for høvet til å koma med innspel til forslaget til bevaringsstrategi for nærings- og industrimiljø. Forslaget er etter vårt syn grundig og peikar på mange viktige utfordringar og problemstillingar i arbeidet med å ta vare på nærings- og industrimiljø som ein del av den norske kulturarven. Det er bra at det nasjonale bevaringsarbeidet tydeleg skal ha som mål å bidra til at eit mangfold av kulturmiljø blir bevart og brukt som ressurs i ein berekraftig samfunnsutvikling. Til høyringsmøtet 2. juni stilte me følgjande spørsmål:

1. Utkastet har gode visjonar og grundige skildringar, men er forsiktig på prioriteringar og operative tiltak. Korleis ser Riksantikvaren for seg at strategien skal omsetjast i praksis — kva grep og verkemiddel vil bli prioriterte for å styrka bevaringsarbeidet og sikra at det faktisk gir varig effekt?
2. Dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet har opparbeidd verdifull spesialkompetanse og er viktige anlegg i den norske industriarven. Kva planar finst for å sikra føreseielege, langsigktige rammer for desse – og korleis vil ein samtidig sørge for å prioritera eit breiare mangfold av industriell kulturarv?
3. Den norske industriarven er ikkje berre historisk tett kopla til internasjonale handels- og produksjonsnettverk — den er også ein del av ein større internasjonal kulturarv og eit fagfelt der internasjonalt samarbeid kan bidra konkret til å nå måla i strategien. Er det aktuelt å styrka det internasjonale perspektivet i strategien, t.d. ved å løfta fram internasjonalt samarbeidet som eit praktisk verktøy for å utvikla kunnskap, formidling, reiseliv og bevaringsløysingar som gjer norsk industriarv til ein ressurs i ein berekraftig samfunnsutvikling?

Spørsmåla fekk informative svar i høyringsmøtet, og me ynskjer at dei vert følgde opp i sluttfasen av arbeidet med bevaringsstrategien.

Til punkt 2 vil me understreka at det er viktig at Riksantikvaren sikrar føreseieleg støtte til dei 15 anlegga, men at ein også held fram å målretta ivareta eit dekkande representativt utval av kulturminne og anlegg knytt til norsk teknisk og industriell utvikling. Dei 15 anlegga er ein viktig start, men representerer ikkje det fulle mangfaldet i den lange utviklinga som det tidlegare bevaringsprogrammet og noverande strategi skal bidra til å sikra.

Det internasjonale perspektivet

Sidan TICCIH Norge er ein del av TICCIH internasjonalt, og har ein funksjon i det å kopla arbeidet med industriarven i Noreg til det internasjonale fagmiljøet, vil me særleg slå eit slag for at den internasjonale dimensjonen kjem tydelegare inn i strategien – slik me poengterer i punkt 3. Norsk industri- og teknologihistorie har frå starten vore tett kopla til internasjonale handels- og produksjonsnettverk, og teknisk utvikling her i landet har vore sterkt prega av impulsar utanfrå — både gjennom studiar, praksis og arbeidsopphald i Europa og globalt, der norske ingeniørar og fagfolk henta med seg kunnskap, organisasjonsformer og produksjonssystem som påverka vala som vart gjorde i Norge.

Frå TICCIH internasjonalt har me fått denne kommentaren, saman med støtte til det me elles peikar på:

In terms of the international scene, Norway was the second country in the world (after Poland) to have an industrial heritage site inscribed by UNESCO (Røros Mining Town in 1980, six years before the third site, Ironbridge). It then took another 35 years before Rjukan-Notodden Industrial Heritage Site was inscribed, alongside the Forth Bridge in 2015. Looking at the current Tentative List, there is only Svalbard in the pipeline at the moment with an element of industrial heritage, important though it is. Norway was very early in engaging on the international industrial heritage scene, and could well take a more active role again.

Å styrke det internasjonale perspektivet i strategien vil etter vår mening både gi eit rikare kunnskapsgrunnlag og visa at bevaringsarbeidet har verktøy og moglegheiter gjennom internasjonalt samarbeid og ordningar.

Me tilrår at dette vert gjort ved å:

- tydelegare synleggjera den historiske internasjonale koplinga industrien har
- leggja vekt på verdien av internasjonalt samarbeid i bevaringsarbeid, både gjennom organisasjonar som TICCIH, ERIH, ICOMOS, og via deltaking i europeiske og globale initiativ
- løfta fram moglegheitene i internasjonal kulturarvturisme og fagutveksling

Me meiner dette vil styrke både den faglege og samfunnsmessige forankringa av bevaringsstrategien, og samtidig bidra til å gi norsk kulturmiljøpolitikk eit tydeleg internasjonalt perspektiv i arbeidet med industriarv.

Grimstad 13. juni 2025

Arbeidsgruppa for TICCIH Norge

v/ Knut Markhus, nasjonal representant for Norge

